

## **Pressemelding Kvasshovden opp , Ulvik 18.juli 2015 – resultat**

Motbakkeløpet Kvasshovden opp vart arrangert for 8.gong. Totalt var det nær 200 på toppen av Kvasshovden. Ca 100 mosjonistar med startnummer tok turen opp for å heia på konkurranseklassen som i år telte 91 påmeldte. I tillegg var det ein god del folk utan startnummer.

Utfordringane før løpet var store i år med mykje snø og nedbroten skog. Stor dugnadsinnsats gjorde at me fekk til ei god løype, men måtte leggja ho noko om siste kilometeren. Derfor kan ikkje tidene i år samanliknast direkte med åra før. I tillegg fekk me ei ny utfordring konkurransedagen med regn og 5 grader på toppen. Det gjorde sitt til at mosjonsklassen vart mindre enn før om åra.

Men i konkurranseklassen kjempa dei hardt likevel. I herreklassen var det ei gruppe på fire personar som raskt drog i frå - Lars Erik Skjervheim, Joel Dyrhovden, Vegard Skinnes og evigunge Kristen Skjeldal. På slutten synte motbakkespesialisten Lars Erik Skjervheim, Voss seg for sterk og vann med over eitt minutt framfor Joel Dyrhovden, Samnanger. På 3.plass kom Vegard Skinnes, Simostranda. Kristen Skjeldal gjorde nok ein gong eit flott løp på 4.plass berre 2 minutt etter vinnaren.

I dameklassen leia Maren Wangensteen, Høre/Ryfoss IL frå start til mål og vann med 3 minutt føre ein så god løpar som Hilde Fenne, Voss vssl . På 3.plass kom Anita Iversen Lilleskare, Bergen Løpeklubb eitt minutt etter Hilde Fenne.

### **Resultat 5 beste kvinner Kvasshovden opp 2015**

- 1 Maren Wangensteen, Høre/Ryfoss IL, 1:02:26**
- 2 Hilde Fenne, Voss ssl 1:05:33**
- 3 Anita Iversen Lilleskare, Bergen løpeklubb, 1:06:30**
- 4 Tori Angell, Odda IL, Team Gla'laks 1:06:48**
- 5 Tove Andersen, Rustad IL 1:08:02**

### **Resultat 5 beste menn Kvasshovden opp 2015**

- 1 Lars Erik Skjervheim, Voss IL 52:37**
- 2 Joel Dyrhovden, Samnanger IL, team Dyrhovden 53:53**
- 3 Vegard Skinnes,, Simostranda 54:12**
- 4 Kristen Skjeldal, Voss IL 54:37**
- 5 Joar Turvoll, Vik IL 56:14**